

Kjenneteikn på kvalitet ved rettleiarar i lærarutdanninga

REFERANSE:

Ellis, N. J., Alonzo, D. & Nguyen, H. T. M. (2019). Elements of a quality pre-service teacher mentor: A literature review. *Teaching and Teacher Education*, 2020, 92. DOI: <https://doi.org/10.1016/j.tate.2020.103072>

Denne artikkelen baserer seg på ein gjennomgang av 70 studiar av kvalitetskriterium ved rettleiarar i lærarutdanninga sin praksis. Gjennomgangen førte til ei liste på 53 punkt om kva studiane karakteriserer som kvalitet ved rettleiargjeringa. Punkta er fordelt på sju område. Oversikta viser at rettleiarane spelar ei avgjerande rolle når det gjeld å førebu lærarstudentar på yrkeslivet, men det eksisterer per i dag ikkje ein felles standard for kva som blir vurdert som gode eigenskapar ved ein rettleiar, og forskarane etterlyser formell skoleing av rettleiarar.

Bakgrunn

Rettleiing er brukt i mange ulike utdanningssamanhengar over heile verda og rolla som rettleiar er ein viktig del av praksisperiodane ved lærarutdanninga. Særleg i nyare tid har det blitt poengtert kor avgjerande rettleiarrolla er i prosessen med å førebu og kvalifisera studentar til å bli profesjonelle utøvarar. Ein god rettleiar er ekstra viktig for lærarstudentar som gjennom praksisperiodane møter skulekvardagen for første gong, og kan vera skilnaden på suksess og fiasko for studenten. Forskinga på rettleiing av lærarstudentar har vore omfattande, men det har mangla ei felles oversikt over kva kvalitetar som kjenneteiknar ein god rettleiar.

Føremål

Målet til forskarane bak dette systematiske kunnskapsoversynet¹ er å finna fram til den nyaste og mest aktuelle forskingslitteraturen om kvalitetskriterium ved praksisrettleiarar i lærarutdanninga. Målet med oversynet var òg å laga ei oversikt og eit felles sett av standardar som samanfatar eit felt som har vore prega av fragmentering og mangel på heilskap.

Inkluderte studiar

Oversynet omfattar 70 studiar, som blei funne gjennom søk i databasane Proquest Education og A Education: Australian Index Education Plus. Søket omfatta nesten 200 publikasjonar. Det overordna forskingsspørsmålet var (omsett frå engelsk): "Kva blir i nyare forskingslitteratur framheva som kvalitetar hjå ein god rettleiar i lærarutdanninga?"

Utveljingskriteringane var:

- Studiane måtte vera tidsskriftartiklar, kapittel i bøker eller heile bøker
- Studiane måtte vera fagfelleverderte
- Studiane måtte vera skrivne på engelsk

¹ **Systematisk kunnskapsoppsummering/-oversyn:** Ei systematisk kunnskapsoppsummering tar utgangspunkt i et klart definert forskingsspørsmål eller mål og bruker systematiske og eksplisitte metodar for å identifisere, velje ut og kritisk vurdere relevant forskning, samt for å samle inn og analysere data frå studiane som er inkluderte i oppsummeringa. Kunnskapsoppsummeringa resulterer ofte i eit systematisk kunnskapsoversyn, som regel ein artikkel eller ein rapport, som gir eit oversyn over temaet eller svar på forskingsspørsmålet.

- Studiane kunne vera både empiriske² og teoretiske
- Studiane måtte vera publiserte mellom 2009 og 2019

Resultat

Etter gjennomgangen av dei 70 studiane sat forskarane igjen med 53 ulike kjenneteikn eller indikatorar på god kvalitet hjå ein rettleiar i lærarutdanninga, som blei gruppert i sju kategoriar.

Dei sju kategoriane poengterer at ein god rettleiar:

1. samarbeider godt med universitetet eller lærestaden
2. utviklar ein profesjonell kunnskap om og rolleforståing av rettleiing
3. etablerer eit forhold prega av gjensidig læring med lærarstudentane
4. støttar lærarstudentane si læring gjennom dialog og kritisk refleksjon
5. gir gjennom eigen framferd praktiske døme på velfungerande undervising og skaper samanhengar mellom teori og praksis
6. gir retning og støtte på ein empatisk måte
7. har eit ope sinn og oppmodar lærarstudenten om å finna sin eigen læraridentitet

Forskarane merkar seg at sjølv om hovudtrekka kan oppsummerast i dei tre stikkorda samarbeid, kollegialitet og samhandling, fanst der i materialet òg andre, meir tradisjonelle førestillingar av kva å vere ein god rettleiar inneber. Desse gjekk i større grad ut på at ein rettleiar var ein eldre, meir erfaren kollega som formidlar hans eller hennar visdom til ein yngre kollega (novise). Men desse førestillingane blir ikkje reflektert i kunnskapsgrunnlaget som seier noko om kva som faktisk er effektiv og god rettleiing.

Implikasjonar

Forskarane bak studien konkluderer med at lista over kvalitetskjenneitekn gir ei brei, om enn ikkje fullstendig, oversikt, og at ho kan vera utgangspunkt for universitet så vel som skuleverk for å vidareutvikla praksisgjerninga. Dei poengterer sjølve at ei avgrensing ved lista er at ho held seg på eit teoretisk plan, og føreslår at vidare forskning kan innebera å samla data frå feltet for slik å gi funna eit empirisk grunnlag.

Forskarane poengterer at funna elles gir ei rekkje implikasjonar for prinsipp og praksis innan rettleiing. Resultata indikerer til dømes at universitet og andre høgare læringsinstitusjonar må halda fram arbeidet – saman med skular og lærarar – for å skapa relasjonar prega av samarbeid og dialog, eit felles syn på god undervising, ein felles visjon for rolla for kvar enkelt deltakar og ansvarstilhøva under praksisperiodar. Funna tyder i tillegg på at teorien som blir undervist i på lærarutdanningane kanskje bør bli betre integrerte med tilhøva ein opplever i praksis ute i skulane. Dessutan indikerer funna at formell skoling av rettleiarar bør gjennomførast i større grad.

² **Empirisk:** Nemning på studiar og resultat som er baserte på forsøk eller observasjonar og ikkje berre resonnering eller logikk.